

GJENPART
FRA LANDBRUKSDEPARTEMENTET

Hordaland
2 DES. 1967
landbruksseiskap

Hordaland fylkeslandbruksstyre

Bergen

A-D 272/67JA. HO/MG 30. november 1967.

Anke. Deling av gnr. 18, bnr. 1, Bjørnhaug av Villanger, i Radøy.

Fylkeslandbruksstyret nekta i møte den 15. september 1967 å gi samtykke til frådelling av parsellen Vårtun I, som er på ca 0,6 dekar, frå ovannemnde eigedom. Av møteboka går det fram at fylkeslandbruksstyret kan godta frådelling av ein parsell med dei grenser som jordstyret har gjort framlegg om.

Eigaren, Selma Villanger, og kjøparen, Sigmund Villanger, har ved brev av 28. oktober anka fylkeslandbruksstyret sitt vedtak.

Fylkeslandbruksstyret handsama anken den 3. november 1967 og vedtok å halda fast på si tidlegare avgjerd.

Departementet viser til ankeskrivet og saksdokumenta elle og skal merka:

Departementet finn at fylkeslandbruksstyret sitt nektings vedtak er i samsvar med § 55 i jordlova. Ein kan ikkje sjå at det er driftsekonomisk forvarleg å dela parsellen Vårtun I frå eigedomen. Heller ikkje kan ein sjå at samfunnsinteresser av ei større vekt talar for at det blir gitt samtykke til frådelling av parsellen. Dei opplysningane som er gitt i ankeskrivet eller som elles ligg føre i saka gir ikkje grunnlag for å imstekoma søknaden om frådelling av parsellen. Som nemnd ovafor vil fylkeslandbruksstyret kunne godta frådelling av ein parsell med dei grenser som jordstyret har gjort framlegg om.

Hordaland landbrukssekskap

Fylkeslandbruksstyret
Telefon 19 635 - 18 600

Bergen, den 13. desember 1967.

Rådstuplass 2-3
Lang. Vågsalm.

MH/EF.

Rekommandert.

Herr Sigmund Villanger,
Villanger.

Vedk. gnr. 18, bnr. 11 i Radøy.
Anke over fylkeslandbruksstyret sitt vedtak frå 15/9 d.å.

./.
Vedlagt sender vi gjenpart av Landbruksdepartementet sitt skriv frå 30/11 d.å.

For fylkeslandbrukssjefen

O. H. Bjørkhaug
O. H. Bjørkhaug.

Mentz Hauge
Mentz Hauge.

Departementet stadfester med dette fylkeslandbruksstyret sitt vedtak av 15. september 1967 om å nekta samtykke til omsøkte frådeling av parsellen Vårtun I frå gar. 18, bnr. 1, Bjørnhaug av Villanger, i Radøy.

Ein ber om at ankepartane og jordstyret får melding om dette.

Dokumenta følgjer vedlagt.

Etter fullmakt

Henry Nørstad

G. A. Vestby

Vedlegg